

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emne nr. 10 Fylke: Buskerud
 Tilleggsspørsmålnr. Herad: Hemsedal
 Emne: Lynging og mosing Bygdelag: Sørbygda
 Oppskr. av: Ola Rudvin f. 1899. Gard: Rundtop
 (adresse): Hammerstadg. 12 B^{II}, Oslo G.nr. Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

I.

Lynging.

Så vidt eg kjenner til, har det ikkje vore i bruk i bygda å senke lyng til før. Det var anna raskefør som var lettere å få tak i og rekna for å vera betre. Om så var at nokon har teke lyng - og det kan sjølvsagt tenkjast - må det ha vore reint som ei naudhjelp. Lynging har ikkje vorte vanlig, og har ikkje sett merke etter seg i tradisjonen eller målet (møningsbruket). Den lyng som det er mest av i skog og hei, er blåbar lyng (vidare krekling, lyfbar og røslang).

II.

Mosing.

Mosing vart nytta rett mykje i eldre tid. No er det heilt slutt. Sjølv var eg så vidt med og tok mose i mine fyrste barneår.

Dei nytta mosen som alltid før og ikkje berre
gj som ei naudhjelp (det og sjölv sagt). Men der
med var ikkje sagt at alle tok mose, eller at
dei gjorde det kvart år. Det kom an på
kor mykje onning ein hadde elles, korleis
årsveksten elles slo til, kor mykje tid
ein fekk til overs, kor tidleg vinteren
kom o.s.b.

Mosen (reinsdyrmosen) var helst ò finst
oppe i sløtsgrensene, eller dei laut like opp
på høgfjellet (snaud fjellet). Dei sank
han seinhöystes, etter at det andre haust-
arbeidet var unnagjort. Det måtte helst
ha regna i fjevnevegen, så mosen var mjød.

Serlige reidskap til mosinga har eg
ikkje høyr om. Dei hadde sjölv sagt med
seg seine (eller sekk) til å bera han i
hop ned, og rine til å raka i hop mose-
breiene. Men dei plukka han med hen-
dene, så vidt eg kjemur til.

Dei la han i hangar, små eller store
all eller som det hövde og etter stor-
leiken på feltet. Dei la vistnok rebb
(dvergkjörk) eller leivstar under hangen.
Og elles laut hangen leggjast slike at
han var lett å finne att på vinter-
føret (på ein skollen stad), og gjerne
forsynt med ein staur eller stake
på toppen. Råmen mose tela (frans)
når kjolda kom, så heile mosehangen var
ein einaste klake. Det var difor best
å laga kvar hang ~~over~~ på den gjerd
og storlik at han var lett å tela

taka all om venteru, helst posse stor til eit lass.

Vart mosen ikke langt til fjells eller på ein avsides stad eller, var det om å gjera å få han køyrt heim - eller kunna til vegars-tidlig på venteru med snøen var liten. Det vart elles for tungvint å brøyte veg.

Om bruken av mosen minnest eg ikkje stort, men trur helst at han vart nytta saman med anna fôr, kanskje helst som suppefôr.

25-7-48.

O. Gudvin

P.S.

Grisemose (matmose) var det vanlig å sankte til grisen med han var på stulen. Denne mosen vart nytta - saman med kvitvies-lauv - som suppefôr til grisen.